

## Supplemang til Sak 21/5445-21/49923, etterspurt av Alver Kommune

Viser til brev der kommunen etterspør fleire opplysningar.

### **1. Privatrettslege forhold:**

Grunneigar bygde slippen i tida 1960 – 1963. Det blir fortalt at han bygde snekka si, mens den sto på slippen. Naustet bygde grunneigar rundt 1965 – 1966.

Seinare førte Arnold Birkeland opp eit naust ved sidan av grunneigars sitt naust. Han fekk "bruksrett til den eksisterende grunn til naust".

Bildet til venstre er over 20 år gammelt og viser kor naustet til Arnold Birkeland stod plassert. Dette er *før* tomt 40/112 eksisterte. Arnold Birkeland (seinare Karin Edvardsen) sitt naust sto på 6 stk støypte søyler og *hjørnepillaren under naustet på det nordligaste hjørna, står der den dag i dag.*

Bildet til høgre viser den samme hjørnepillaren i 2021.

Det tredje bildet er fra **Statens Kartverk 31.05.1992** og viser kor slippen låg, slik kommunen etterspør. På dette bildet kan ein også sjå at nausta sto jamsides og ein kan tydeleg sjå snekka til grunneigar står på *slippen* ifm reperasjonsarbeid.

**Alle 3 bilda dokumenterer kor nausta sto og slippen var plassert frå gammalt av.**




Dersom ein strekker ein strek frå stevn til stevn på snekka, kan ein sjå at det er god klaring til nausta.

## Supplémang til Sak 21/5445-21/49923, etterspurt av Alver Kommune

Dei 3 bildane over dokumenterer også, at det eigar av 40/112 hevdar, *er direkte feil*:

Flyfoto 2009 fra 1881 med eiendomsgrenser (rødt)  
Her har jeg tegnet inn 2 skinner (sort) slik de lå opprinnelig før de ble fjernet. De gikk ikke inn på eiendommen som Karin Edvardsen kjøpte i 1981, men lå kun på eiendom 40/2.




Dersom eigar av 40/112 sine påstander skulle være riktig, har grunneigar opp igjennom måttå bruke helikopter kvar gang han skulle slippe. Dette ser me for oss som lite sannsynleg, for å sei det mildt !

Den 22.08.1994 overtok bruk 40/96 og 40/100 eigarskapen på slippen, ved tinglyst avtale dagboknr: 10495, frå grunneigar bruk 40/2. Bildet over: frå Statens Kartverk 31.05.1992, syner kor slippen låg.


1. November 2005 skjedde det noko som har betydning for saka. Då vart det søkt om deling av grunn, **Saksmappe 05/02402-2**. Det vart lagt med situasjonsplanen som viser kva for areal som vart søkt om og kva som vart godkjent av kommunen.

Situasjonsplanen til søknaden, samsvarer med plasseringa av naustet som vist på det første bildet og slik det faktisk var den gangen:



## Supplémang til Sak 21/5445-21/49923, etterspurt av Alver Kommune

Men under kartforretninga vart tomta utvida, utover det som situasjonskartet viste i søknaden og lagt over den tinglyste servitutten.



Søkjar, og grunneigar, sine påstander om at dagens areal er det samme som vart kjøpt i 1981 (4x10 meter), er udokumenterte påstander. Dagens grunneigar, Jorun S. Hodneland sin bekreftelse pr. e-post 14/6-21 setter me ikkje våras lit til, fordi det synes som det lages nye muntlige/skriftlige avtalar heile tida.

Karstein Martin Hodneland, som var født og oppvokst på garden, visste **utmerket godt** kva som var sin eigedom og kor rettane låg.

Ifm utskillinga av tomta i 2005/2006, var ikkje Karstein Martin Hodneland i live lenger. Me kjenner Einar Rydland ganske godt og er sikker på at han *aldri* hadde lagt ein ny tomt over ein servitt, dersom han hadde visst at den låg der. *Om* han hadde gjort det, hadde han garantert laga ein merknad på det. Me trur grunneigar Jorun S. Hodneland aldri informerte Einar Rydland om dette.

Det som er dokumentert, er at Edvartsen overtok/kjøpte eksisterende grunn til naust:

Else Karin Edvardsen har overtatt brukssrett til den eksisterende grunn til naust, som Arnold Birkeland hittil har hatt brukssrett til.

Hodneland 27/9-81  
Karin Edvartsen kjøper av oss den eksisterende grunn til naust, som Arnold Birkeland hittil har hatt brukssrett til.  
Hodneland 27/9-81  
Jorunn S. Hodneland  
Kersten Martin Hodneland  
Karin Edvartsen

**Supplemang til Sak 21/5445-21/49923, etterspurt av Alver Kommune**


Bildene og dokumentasjonen over viser kor naustet sto. Og sidan slissen vart bygd først, er sjølvsagt nausta bygga ift slissen, og ikkje omvendt.

**Bildet øverst til høgre i dette skrivet viser at slissen berre kan ligge ein stad pga utforminga av fjære og det er der den ligg no.**



Dette bildet, er frå våren 1992 og viser grunneigars snekke stå på slippvogna under presenning pga pågående reparasjonsarbeid.

Me kjenner til personar som hjelpte grunneigar med dette reparasjonsarbeid i -92 som kan vitne dette.



På bildet over kan ein skimte slipp skinnene under/bak naustet.

Me håpar at denne dokumentasjonen med all tydelegheit, viser kor den tinglyste retten til slipp/båtopptrekk høyrrer heime og var plassert, slik kommunen etterspør.

Me vil med dette invitere sakshandsamar til ein synfaring, der me kan stille med personar som personleg hjelpte grunneigar Karstein Martin Hodneland med båten som sto på slissen i 1992.

## Supplémang til Sak 21/5445-21/49923, etterspurt av Alver Kommune

### 2. Situasjonskart:

Me har valgt å leggje med 2 stk situasjonskart:

Vedlegg 1 som ynskt frå Kommunen og Vedlegg 2 som beskriver korleis det såg ut før i tida.

Vedlegg 2 syner *med blått* kor nausta stod tidlegare.

Årsaken til at me er komt i den situasjonen der me må søkja om tiltaket, er at grunneigar Jorun S.

Hodneland ulovlig fjerna/reiv slippen ca. i 2009.

Dette er eit tiltak i strandsona som er søknadspliktig ihht lova!

Etter slippen var fjerna, støype grunneigar ein ny grunnmur inn i slippområdet. Dette vart stoppa av oss og avtalen var at grunneigar skulle fjerna muren og montere slippen igjen. Dette vart ikkje gjort.

Seinare reiv grunneigar naustet sitt. Det er også utført mykje støypearbeid/grunnarbeid, før naustet vart gjenreist. Dette vises godt på historiske bilder.

Når grunneigar gjenreiste, vart naustet flytta ca 1 meter inn i slippområdet, noko som fører til at det er trongare enn det har vært før. Pga dette kan ein berre slippe båtar med ein bredde opp til 2,7 meter.

Bilda under syner at naustet til 40/2 er flytta ca. 1 meter lenger inn på land. Til info, sto dette naustet sto tidlegare på støypte søyler av 200 ltr fat og stablesteinar.



Me ber kommunen vektlegge søknaden det faktum, at me er komt i denne situasjonen fordi grunneigar Jorun S. Hodneland ulovlig fjerna/reiv slippen vår i 2009.

Helsing Helge Fimland og Magnar Skauge.